

Alta kommune
Postboks 1403
Sandfallv. 1
9506 ALTA

Dykkar ref

Vår ref
07/2393-2 AOD

Dato
11.10.07

Invitasjon til oppstartseminar for Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken

Vi har med dette gleda av å invitere dykk til oppstartseminaret til Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken. Vi inviterer dykk til å delta med inntil fire personar.

Seminaret finn stad på Quality Hotell i Stjørdal 12. - 13. november.

Kommunal- og regionaldepartementet ordnar innkvartering og betalar for konferansen og opphaldet. Dei som skal overnatte *privat* må gje beskjed om det ved påmelding. Då det ikkje er kapasitet til at alle kan overnatte på Quality Hotell i Stjørdal, vil nokre av deltakarane bli innkvarterte på Norlandia Stav Gjestegård. Dei som skal overnatte her får nærare beskjed på e-post. Departementet vil ordne med buss til/frå Norlandia Stav Gjestegård og konferansehotellet. Konferansehotellet ligg ca 3 km. frå flyplassen på Værnes.

Deltakarane må sjølve bestille reisene sine til/frå seminaret. Departementet føreset at reiseutgiftene blir dekte innanfor dei tildelte prosjektmidlane.

Påmelding til: marianne.ovestad@krd.dep.no **innan 26. oktober.**

Eventuelle matallergiar og liknande må dykk gje beskjed om ved påmelding.

Vi har lagt opp til at dei fire nettverka og dei sju andre kommunane held kvar sin presentasjon på seminaret. De bør leggja opp til presentasjonar på om lag ti minutt.

Vi ber dei som vil nytte Powerpoint om å sende presentasjonen sin til anne-karin.odegard@krd.dep.no innan 5.november. I tillegg må de ha med vanlege plastikkark (som reserveløysing).

Vi ser fram til to spanande og interessante dagar saman med dykk.

Vel møtt!

Med helsing

Hans Petter F. Gravidahl (e.f.)
underdirektør

Anne-Karin Ødegård
rådgiver

Likelydande brev sendt til:

Alta kommune
Bamble kommune
Dovre kommune
Enebakk kommune
Hå kommune
Karmøy kommune
Lom kommune
Luster kommune
Løten kommune
Norrdal kommune
Osen kommune
Porsgrunn kommune
Rissa kommune
Sel kommune
Sigdal kommune
Siljan kommune

Skien kommune
Steinkjer kommune
Strand kommune
Verdal kommune
Vestnes kommune
Øygarden kommune